

Korona smittevernplan

Fjelletstafetten 27.02.2021

Smittevernplanen er utarbeidd med utgangspunkt i retningslinene frå Buskerud Skikrets og godkjent av kommuneoverlegen i Ål. Følgjande gjeld for arrangementet:

- Hald minst 1 meter avstand til andre og bruk gjerne munnbind utandørs.
- Det er påbode med munnbind innadørs på toalett.
- Har du symptom på luftsvugsplager eller andre symptom på korona skal du ikkje møte opp på stadion.
- Sørg for god handhygiene.
- Det er berre utøvarar frå klubbar i Buskerud skikrets som kan delta.
- Det vert sett ei maksimalgrense på 33 lag.
Det kan bli aktuelt å gi plass til fleire lag, men da må det deles inn i fleire kohorter. Er det lag som ikkje får plass, vil dei få melding om det den 25. februar.
Lag frå Hallingdal prioriterast. Elles blir det i henhold til påmeldt tidspunkt
- Lag frå kommunar med raud smittestatus har eit spesielt ansvar for eiga åtferd dei siste 10 dagane før arrangementet. Klubbane må informere sine utøvarar om deira ansvar om å ikkje ha fleire nærkontaktar enn naudsynt, og ikkje oppsøke plassar der risiko for smitte er større.
- Me har vert i anlegget som de kan spørje om råd om smittevern (gul vest). Hun vil også minne dykk på smittevernreglane slik at alle hugsar på bl.a. å halde avstand.
- Det er ikkje anledning til å ha publikum tilstede.

Det er lov med inntil 200 personar i anlegget på kvar kohort.
33 lag tilsvara 99 utøvarar. Det kan være ein vaksen pr. utøvar.

Startliste og resultatlistar vert lagt ut på www.fjelletil.no. Det vert ikkje opna for å ta inn nye lag sjølv om eit påmeldt lag ikkje stiller.

Påmeldingsfristen er 24. februar kl. 23.59. Etterpåmelding er ikkje mogleg.

Rennet startar kl 12:00

Om det blir fleire kohortar vil vi framskynde starten til kl. 11:00. Følg med på www.fjelletil.no.

Parkering

Parkering kostar 50 kroner. Betaling kun med Vipps til Fjellet Idrettslag 129439. Eit område ved Liatoppen Fjellstove vert stengt av for hotellet sine gjestar.

Registrering når de kjem til anlegget

Alle skal registrere seg med namn og mobilnummer. Før du får kome inn på stadion; Send sms på mobil 952 12 190 (rennkantoret). De vil få påminning om dette når de parkerer. Det kan bli kontrollert at meldinga er sendt når de går inn i anlegget. Er de fleire som reiser i lag, er det nok å sende ein sms med namn og nummer på alle.

Startnummer

Alle klubbposar vert hengt opp langs vegen opp til stadion. Ansvarleg for klubben tek med seg posen. Her finn de startnummer og startliste. Det er ikkje naudsynt å gå innom rennkantoret bortsett frå om det er noko er feil med startnummer. Skal de innom rennkantoret, ber me om at det er berre kjem ein om gongen og bruker munnbind.

Smørjing av ski

Alle må gjera ferdig glisona før dei kjem inn i anlegget. Alle etappar går i fristil. Eventuell festesmørjing kan leggas på stadion. Informasjon om temperatur finner de på liatoppem.com

Vekslingar

Utøvarane skal ikkje vera i kontakt med kvarandre ved veksling. Det vert laga ein strek i vekslingsfeltet. Når utøver har passert denne kan den som skal gå neste etappe starte.

Premieutdeling

Premie hentes av utøver på bord utandørs etter målgang. Samtidig leggas startnummer i eigen eske. Premier hentes ein og ein.

Me ber alle om å reise frå skianlegget raskast mogleg etter målgang. Resultatliste finn de berre på www.fjelletil.no. Det vert ingen drikke i målområdet. Varmestugu er stengt for andre enn arrangør.

Toalett

Toalett er sjølv sagt opne. Her vil me ha Hyppig vask av kontaktflater undervegs i arrangementet. Hold av stand i køen og bruk munnbind. Smittevernansvarleg vil holde tilsyn.

Kiosk

Det er ikkje planlagt å ha open kiosk under arrangementet.

Liatoppen skisenter vil vera stengt for alle andre fram til 14:30, eventuelt seinare ved 2 kohorter. Alle må da ut av kohort ein og forlate parkering før Kohort 2 kjem til anlegget.